

Oppsummering av gruppearbeid i politisk verkstad om arealstrategi og arealnøytralitet 24.04.25

- Gruppe 1: Margrethe Alm (SV), Tonje Ljones Såkvitne (Sp), Samson Hamre (Sp) og Dag Sandvik (SV)
- Gruppe 2: Øystein Måkestad (Krf), Sveinung Riber (Høgre), Knut Ståle Kvissel (Frp) og Lars Gunnar Øye (INP)
- Gruppe 3: Tommy Mo Aarethun (Ap), Benedicte Kragh (Ap), Bridget Penny (R) og Elin Seim (V)

Spørsmål 1: arealnøytralitet

Gr.1

- Det er viktig å sjå samanhengen mellom frivillig skogvern og naturrestaurering: mange stader i Voss herad er det vanskeleg å ha ein fornuftig produksjonsskog, og her kunne ein ha kompensert med restaurering.
- Bør vurdera også verdsetjing av dyrkbar jord og ikkje berre dyrka jord. I mange tilfelle vil dyrkbar jord med relativt lite innsats kunna oppgraderast til dyrka jord.
- Me må få kartlagt det grå arealet me har, og vurdere dette arealet med omsyn til kva som bør vidareutviklast og kva som kan restaurerast (som i Nordre Follo er det stort sett ynskjeleg å ta grått areal til næring og bustad).
- Forslag: ein «naturbank» bygd opp som eit arealhierarki basert på verdien til ulike kategoriar, som til dømes: grå, modifiserte, intakte, grøne eller jordbruksareal, og ein «no go»-kategori (verna natur m.m.). Basert på dette hierarkiet kunne ein sett ein snittpris på å betra arealtilstanden. Å gå frå nedst, grått areal, til øvst, verna natur, vil såleis utløysa den største gevinsten – eventuelt den største kompensasjonen.

Gr.2

- Nasjonal prissetjing må til slik at ein unngår konkurransevriding mellom kommunar. Særleg mtp. lokalisering av verksemder.
- Dersom me går vidare med prissetjing og får inn midlar gjennom dette, kan desse midlane brukast tilbake til natur (restaurering).
- Erstatningsareal: det er bra at ein innanfor arealnøytralitetsprinsippet kan heva kvaliteten på «dårlig» natur. Til dømes å gå frå granskog til edellauvskog der det er meir fornuftig.
- Me bør analysera skogen vår. Det er mykje feilplanta skog i vossabygda, og ein har planta skog på stader der det ikkje burde vore planta.
- Viktig å sjå samanheng med infrastruktur som vatn, kloakk, osb.
- Når ein har funne metoden for arealnøytralitet, må dette leggjast inn i framtidige reguleringsplanar.
- Startpunkt: vanskeleg å gå inn i reguleringsplanar som allereie er vedtekne.

Gr. 3

- Me bør senda ein formell førespurnad til statlege mynde for å finna ut kva som no vert utarbeidd innan arealrekneskap/naturerekneskap og frå kva tid dette regelverket vil gjelda. Dumt å bruka mykje tid på eit lokalt regelverk og metodar som fort kan verta overstyrt av nasjonalt opplegg.
- Me må få betre oversikt over restaurerbar natur.
- Prissetjing bør ein så langt som mogleg unngå; bruka andre grep i pyramiden.
- Startpunkt: Vanskeleg å vera heilt kategorisk, me må vera litt fleksible. Viss det er ein plan som er i ein mellomfase kan ein gå i dialog med tiltakshavar og finna ei løysing.
- Me må laga ein god plan for overgangsfasen og kommunisera tydeleg ut kva som vil gjelda for framtidige planar og at ein vil ha dialog om vedtekne planar.

Spørsmål 2: viktige overordna omsyn ved ny utvikling

Gr. 3

- Vanskeleg å vurdera dei ulike omsyna opp mot kvarandre som ei teoretisk oppgåve no. Det vil variera basert på prosjekt – ein treng meir detaljert kunnskap (som naturkartlegging) om områda for å kunna vekta dei mot kvarandre.
- Einig i at dei overordna omsyna som er definert her er gode. Me må kanskje heller drøfta kva av desse omsyna som er absolutte, og kva som er førande og retningsgjevande og som ein vil strekkja seg etter i arealforvaltinga.
- Til dømes er K5 eit prosjekt der liv og helse trumfar alle andre omsyn.
- Gode prosjekt som bidreg til lågutsleppssamfunnet/fortetting vil også vera viktige å prioritera.

Gr. 1

- Natur og jordbruk må vega tyngst. Når det gjeld naturfare er det eit regelverk som slår inn og syter for at dette vert teke omsyn til, så det vert ivaretatt. Det vil gagna friluftsliv og folkehelse at ein vektar natur og jordbruk tyngst. Mobilitet bør kanskje vektast minst i denne samanhengen. «Lokal» mobilitet er viktigast.
- Av og til vil naturomsyn og klimaomsyn koma i konflikt med kvarandre, men i andre tilfelle kan det å ta vare på natur også gje betydelege klimagevinstar, og det bør koma fram.
- Sjå på kultivering og forvalting av natur. Til dømes vil beiting og skjøtsel heva verdien på utmark.
- Tiltak som kan forsvara nedbygging er til dømes større vegutbyggingar som K5, eller anna samfunnskritisk infrastruktur, som til dømes høgdebassensenget som Nordre Follo viste til. Altså utbyggingar som er essensielle for tenestene me yter og skal yta.
- Tiltak som ikkje kan forsvara nedbygging: hytter og fritidsbustader.
- Når ein skal utbygga vidare i eit utviklingsområde, er det viktig å sjå på kva natur som i så fall har minst verdi og som kan takast for å realisera naudsynte føremål. Lokalisering av naturområde kan ha innverknad på verdien.
- Når det gjeld krav om kompensasjon: korleis skal me gjera det i planarbeidet vårt slik at me står sterkare mot aktørar som Statens vegvesen? Korleis riggar me oss for å møta dei offentlege instansane på ein betre måte?

Gr. 2

- Flaum er det viktigaste omsynet, deretter skred, folkehelse, natur og jordbruksareal.
- Gruppa saknar noko retningsgjevande om naturverdiar frå nasjonalt hald.
- Det vil vera viktig å ivareta den militære beredskapen, under dette at både jernbane og veg må opprustast.
- Tiltak som kan forsvara nedbygging av natur er infrastruktur og næringsutvikling.
- Tiltak som ikkje kan forsvara nedbygging av natur er ny hyttebygging; me må heller fortetta dei hytteområda me har.

Spørsmål 3: utviklingsstrategiar og lokalisering av ulike føremål

Gr. 2

- Det må koma tydelege føringer for kva desse omgrepa skal innehalda dersom me skal bruka dei.
- Det er viktig at me opprettheld dei ytingane me har i dag.
- Me bør utvikla meir dei allereie etablerte næringsområda våre. Til dømes bør det skapast fleire arbeidsplassar på Istad, noko som vil gjera det interessant for fleire å bu i Bjørgamarki.
- Sjå nærmare på kva næringar me har naturgjevne føresetnader for å driva med. Til dømes skifer, steinindustri, skog. Kan ein utvikla desse næringane meir der det ligg til rette for det?
- Må syta for å byggja der folk vil bu. Gruppa meiner at 70 % bustadutvikling på Vossevangen er for høgt. Denne prosentdelen bør liggja mellom 50 og 60 %.

Gr. 3

- Unaudsynt å ha alle dei tre omgrepa, ein bør kunna halda seg til to omgrep.
- Skal vera litt forsiktig med å laga absolutte definisjonar til kva service- og tenestetilbod som skal liggja i dei ulike omgrepa. Det er ikkje generisk. Kvar stad har sin styrke og sine kvalitetar.
- Avstand til regionsenter/eksisterande tenestetilbod må kanskje vera den faktoren som i størst grad avgjer kva tenestetilbodet i framtida skal vera.
- Ny bustadbygging: kunne tenkt seg at ein såg på korleis områda som ligg tett på Vossevangen, som Palmafossen, Skulestadmoen og Gjernes, kan knyta seg tettare saman slik at regionsenteret vert større og meir samanhengane. Bustadbygging bør også skje langs trafikkaksar som kan knyta grendene/bygdene meir saman. Såleis kan ein utvida regionsenteret framfor å behalda satellittutbygging som i dag. Skal ein lukkast må ein syta for ein infrastruktur som sykkelstiar og transporttilbod.

Gr. 1

- Ein må kunne stilla forskjellige krav og vektleggja ulikt etter kor nære ein er regionsenteret.

- Tenkjer at omsorgsbustader må vera i tett tilknyting til sjukeheimar.
- Det må vera mogleg kapasitet slik at eldre kan flytta nær sentrum. Då vert det eit reelt val om ein vil flytta nærmare sentrum eller å bu i distrikta.
- Bør vurdera eksisterande infrastruktur, som utbygd opplegg for vatn og avløp, når ein ser på kor ein skal leggja til rette for bustader.
- Senterstruktur: er det eigentleg behov for desse omgrepa? Dei lagar «krøll i hjernen».

Drøfting i etterkant av oppsummeringane:

- Såkvitne: For politikarane er det viktig at ein kan restaurera natur/heva kvaliteten på natur, og ikkje berre ta ein kvadratmeter grått areal til ein kvadratmeter natur.
- Riber: Generelt saknar ein gode konsekvensanalysar av kva som vil vera effekten.
- Penny: Når det gjeld arealnøytralitet bør ein sjå på kommunen i sum – treng ikkje å tenkja matematisk innanfor kvart enkelt prosjekt.
- Hamre: Viktig å friska opp kunnskapen som formannskapet fekk lagt fram av Nicolai Winge. Også fleire bør få kjennskap til kva reglar som gjeld i samband med planvask.
- Sandvik: Den strenge definisjonen av arealnøytralitet bør liggja til grunn. Ok med ein innkøyringsfase ne, men me skal sikta mot streng arealnøytralitet.